



Nr. 4 – SEPT. 1994 – 22. ÅRGANG

# RYGJAVĒGEN

BEDRIFTSBLAD FOR STATENS VEGVESEN ROGALAND



Vegdirektør Olav Søfteland ved åpninga av den nye riksveg 13 mellom Oanes i Forsand og Botne i Strand. (Reportasje side 10 og 11.)

## AV INNHALDET

- Kultur-rasteplass på Stabnes
- Gjenåpning Vestlandske Hovedvei
- Form- og fargeoppleveling i Hjelmeland
- Børge Skeie ny bedriftslege



**Statens vegvesen**  
Rogaland

# .....Vegsjefens 3 minutter...

## RYGJAVEGEN

Nr. 4 - SEPTEMBER 1994

### Redaktør

Harald Sel

### I redaksjonen

Eva Vivoll

### Redaksjonsråd

Halvor Folgerø

Lewy Dalen

Reidun Lanne

Sigurd Sæland

Kjell Einar Tronstad

Reidun Vehus

### Sats/layout

Bodil Dam Bustad

### Trykk

Allservice A/S

### Forsidefoto

Bård Asle Nordbø

### Baksidefoto

Harald Sel

### Opplag

1800 eksemplar

§ 100 i Grunnlova lovfestar ytringsfridomen i Noreg. Vi i Statens vegvesen blir nå skulda for å handle i strid med Grunnlova når vi fattar vedtak om fjerning av skilt som er oppsette i strid med § 33 i veglova.

Vi har nå, i samsvar med veglova og etter reglane i forvaltningslova, forlangt at eit ulovleg oppsett skilt med teksten: «Me elskar deg NORGE, stem nei», skal fjernast innan ein nærrare fastsett frist.

Vi reknar med at dette kravet vil bli påklaga til Vegdirektoratet og at Vegdirektoratet vil ta endelig avgjerd om skiltet kan få stå eller ikkje.

Eg meiner at vi her har handla etter god forvaltnings-skikk, i tråd med vår plikt som forvaltingsetat, og sjølv sagt i samsvar med dei lovane som gjeld.

Eg kan ikkje på nokon måte sjå at ytringsfridomen står i fare fordi om ein grunneigar ikkje utan vidare har høve til å setje opp plakatar langs offentleg veg. Dersom ytringsfridomen i § 100 i Grunnlova skal ha ei slik brei tolking, trur eg det ville sjå rart ut langs vegane våre.



## Spennvidde i Statens vegvesen sitt arbeid

Dette nummeret av Rygjavegen er prega av reportasjar frå ulike opningar. Nye vegar, turveg, rasteplass og rundkjøring.

Dei ulike opningane viser spennvidda i Statens vegvesen sitt arbeid. Nokon kvar blir imponert, og etaten får mykje skrytt etter kvart som nye fine vegar og flotte anlegg blir presenterte.

Det er dei nye vegane og anlegga som folk flest legg merke til. I eit nummer av bedriftsbladet der det er fokusert så mykje på nyanlegg, ser me difor grunn til å minna om at dette, trass alt, berre er ein del av etaten sitt samla arbeid. Som trafikantar tenker me ofte lite på det omfattande

vedlikehaldsarbeidet som blir utført, slik at me stort sett kan ta oss fram på gode vegar. For ikkje å snakka om alt arbeidet som blir lagt ned for å gjera vegnettet så trafiksikkert som råd.

Mange andre oppgåver kan nemnast. Det gjeld t.d. ei rekke forvaltningsoppgåver, både i Biltilsynsavdelinga og i andre avdelingar. Og det gjeld ikkje minst arbeidet for godt miljø og vakre vegar. Her kjem også arbeidet inn for å fjerna reklameplakatar og andre skjemmende innretningar langs vegane. Slike innretningar er nemleg ikkje berre trafikkfarlege men dei er også uønska sett frå ein estetisk synsstad.

Harald Sel

# Sommaren er over

## INNHOLD

Vegsjefens 3 minutter .....	2
Spennvidde i Statens vegvesen sitt arbeid .....	2
Sommaren er over .....	3
Den Vestlandske Hovedvei .....	4
Anne Grete sluttar som bedriftssjukepleiar .....	5
Børge Skeie - ny bedriftslege .....	6
Åpning av ny rundkjøring på Rv.11 i Tysvær .....	7
Folkefest på Ryfylkevegen .....	10
Kultur-rastepllass på Stapnes .....	12
Kvernhuslarmen stilna då luftskyts og kanonar overtok .....	12
Gavekort til vegvesen-sjåfør .....	14
Sykkel til jobben-premiering .....	14
Personalnytt .....	14
Kryssord .....	15
Edvard Austigard - Rutebilveteran frå Årdal .....	16
Hos Ingunn og Kjell Johan Vigane - Frogd form og fargeoppleveling .....	17
Prolog til opninga av Rv.13 Oanes - Botne .....	18
Kjære bilist .....	18
Tillitsvalgtes spalte .....	19

Av anleggssjef Lidvard Skorpa

Sommaren er over, og eg vonar at alle har hatt ein god og avslappande ferie! Det har vore ein hektisk vår på mange måtar, så ferien har nok gjort godt for alle. Eg vonar også at alle har samla krefter og inspirasjon til å ta fatt på dei mange oppgåvene vi står framfor i haust.

Tida vi no har framfor oss vil ikkje berre krevje stor arbeidsinnsats (KRØSUS, årplanar, budsjettarbeid, o.l.), men den vil i tillegg medføre spenning og usikkerhet knytta til den enkelte sin plass i Det nye Vegvesenet.



Diskusjonar omkring Det nye Vegvesenet har tidligare i år vore merka av tru og synsing om kva organisasjonsmodell departementet og Storting ville vedta, og ikkje minst kva vegdirektøren så ville gå inn for når det gjaldt avdelingsstruktur og fordeling av oppgåver mellom avdelingane. No er spenninga utløyst, og endringane vil bli fire avdelingar i staden for dei seks vi har i dag. Dei fleste «gamle» avdelingane blir splitta, og fordelt på fleire av dei nye avdelingane. Gamle arbeids-/fagmiljø vil bli splitta opp og nye skal formast.

Dette gjeld ikkje berre inne på kontoret på Lagårdsvegen, men også for utedrifta. Drift, anlegg og maskin skal slåast saman til ei avdeling. Tre avdelingar med ulike arbeidsoppgåver, ulik organisasjon, og kanskje også til ein viss grad med ulik «bedriftskultur» skal smelast saman. Det vil bli ei stor og resurssterk avdeling som vil kunne løyse eit mangfold av oppgåver både i eige og andre fylker. Den store utfordringa vi står framfor er at den nye avdelinga skal bli meir effektiv og slagkraftig enn dei tre gamle avdelingane tidlegare var tilsaman. At ein del av hallkontrollen i biltilsynet skal gå inn i produksjonsavdelinga vil vere med på å krydre miljøet og auke spennvidda av oppgåver som skal løyasat.

Det ligg utan tvil eit stort potensiale i å samle alle kretene i utedrifta. Men omorganiseringsprosessen vil bli krevjande. Den vil by på store utfordringar, og mange vanskelege problem som må løysast på ein god måte. Eg er overbevist om at dette skal lukkast. Ikkje minst i utedrifta har ein i lang tid lært seg å mestre utfordringar og endringar på ein måte som gjer at vi i dag både har kompetanse og konkurranseevne.

Når eg trur at vi skal lukkast i å få eit betre og meir effektivt vegvesen i fylket, ikkje berre i teorien men også i praksis, kjem det av at eg er overbevist om at alle vil medverke i omstillingssprosessen på ein positiv måte.

# Den Vestlandske Hovedvei

## *gjennom «eit landskap skapt i Guds vrede»*

Dette var ordene en høytstående embedsmann brukte da han en gang i forrige århundre krysset Hegrestadfjellet. Man kan forstå utsagnet hvis man går over fjellet en uværsdag. Men i strålende sommervær framstår landskapet som den rene idyll. Fra frodige enger går vegen videre langs krattskog og blåbærlyng før den slynger seg videre over fjellet. Fra toppene kan man skue milevis i alle himmelretninger. Fargespillet fra vann, fjell og grønn vegetasjon viser oss at Vårherre heller har vært gavmild da han skapte dette landskapet.

Tekst og foto: Eva Vivoll

Etter å ha ligget brakk i over 50 år, ble vegen gjenåpnet søndag 3. juli som et samarbeidsprosjekt mellom kommunene Hå og Eigersund og Statens vegvesen Rogaland.



På gamle Hølland bru skar fylkesmann Tora Aasland Houg over snora, og det var klart for en naturopplevelse av de sjeldne. I solskin og over 20 grader varme bar det til fjells. Mange med veteranbiler og hestekjøretøy, men de aller fleste gikk til fots de 6 kilometrene.

Flere hundre hadde møtt fram denne søndagen, og etter en ganske strabasiøs marsj, var det godt å komme ned på Hegrestadsletta til grillmat, noe å leskestrupen med, og en hyggelig drøs med kjentfolk, akkompagnert av torader.

Dagen var lagt opp som familiedag med litt for både stort og smått. For noen ble møtet med veteranbiler og hestekjøretøy det første, mens andre nikket gjennkjennende til døningene som kom trillende inn på plassen.

### Fra Stavanger til Drammen

Den Vestlandske hovedvei ble påbegynt i 1789, og var den første vegen i Rogaland som ble bygd for kjøredoninger på hjul. Vegen gikk fra Stavanger over Jæren til Egersund, om Helleland og Heskestad til Moi, over Tronåsen, fortsatte inn i Vest-Agder og like til Drammen.

Langs vegen forserer man flere gamle bruer, både trebruer og steinkvelvbruer. Og den som tar seg tid til å kikke ned, vil kanskje oppdage både gamle steinsætte

*Posten skulle fram også i gamle dager. Men transporten måtte ikke utføres av «smaa børn eller quindfolk». Her er det Lars Olsen som henter posten etter å ha hørt posthornet gjalle.*



Fylkesmann Tora Aasland Houg taler før åpningen. Til venstre, ordfører i Hå kommune, Tobias Skretting.

stikkrenner (huldiker) og rester etter eldreforveger.

### Historiske navn

Fortellingene fra tidligere ferdsel langs vegen er mange, og mangt har fått navn



Av Harald Sel

Anne Grete sin evne til å kommisera og koma på bylgjelengde med folk, er ein eigenskap som mange understrekjer. Denne evnen, i kombinasjon med stor fagleg dyktighet, er nok ei viktig årsak til at ho har klart å arbeida så godt på lag med dei tilsette om helse- og arbeidsmiljø-tiltak på dei ulike arbeidsplassane innan Statens vegvesen Rogaland.



Eier og sjåfør Gudmund Skretting i sin gamle T-ford. I de bratteste kneikene måtte passasjerene ut og gå.

etter det. Vi finner både Sorpekleivå, Hundaspranget, Allmannstjørna og Fantasteinen.

Fantasteinen ligger like over Hegrestad-gårdene. Før skogen vokste til kunne man se ned til gårdene herfra. Det fortelles at dersom fantene kom tidlig på ettermid-

dagen, så ventet de ved Fantasteinen til det ble tid for kveldsmat, før de gikk ned til gårdene. Her fikk de både mat, og en natts sovn på høyläven.

#### Turveg

Vegen er nå opprustet i den stand den var i våre forsedres tid, og vil ikke tåle

dagens trafikkilde. Men for alle som vil gå eller sykle vegen, er turen en opplevelse. Informasjon finnes langs hele ruten.

God tur!

## Anne Grete sluttar som bedriftssjukepleiar

# - Eg har fått stor respekt for vegarbeidarane

- Eg blei forferdelig lei meg, då eg hørde at Anne Grete skulle slutta. Slik ordla ein vegarbeidar seg, då me traff han rett etter at nyheten var kome ut om at Anne Grete Mellgren Høie hadde sagt opp stillinga som bedriftssjukepleiar. Uttalen er utvilsomt representativ for kva dei fleste i Statens vegvesen føler. Anne Grete har vist eit uvanleg stort engasjement i arbeidet. Ikkje minst har ho brukt tid på å reisa til dei enkelte arbeidsplassane, informert om helse- og miljøspørsmål og gått i bresjen for endringar der ikkje alt har fungert som det bør.

#### Nyttig erfaring

1. oktober sluttar Anne Grete etter vel to år i etaten og blir bedriftssjukepleiar i Holmen Helse og Miljø, som er ei felles bedriftshelseordning for fleire bedrifter i Stavanger.

- Fleire forskjellige bransjer er tilknytta Holmen Helse og Miljø. Det passar godt for meg, som har erfaring frå fleire ulike arbeidsplassar. I så måte har tida mi i Statens vegvesen vore veldig nyttig. Det gjeld spesielt samarbeidet med Vegdirektoratet, som mellom andre har ein veldig dyktig yrkeshygienikar, seier Anne Grete.

#### Flinke og kreative folk

- Eg har fått veldig stor respekt for dei tilsette i Statens vegvesen, og har møtt mange interessante og flinke folk, seier Anne Grete.

- Mange av dei har tøffe jobbar, og ein del må vera mykje borte frå heimen. Eg har sett stor pris på å få treffa arbeidarane i deira eige arbeidsmiljø. Eg har fått vore med på undervisning, mellom anna om farane ved bruk av løysemiddel og andre kjemikalier og eg har vore med på julemøta og fortalt om bedriftshelsestenesta. Og eg har blitt veldig godt

mottatt, når eg har vore ute. Om eg av og til har hatt ein litt tung dag, har eg blitt i godt humør, når eg har kome ut på arbeidsplassane og møtt arbeidarane.

Anne Grete understreker at ho er imponert over kreativiteten og oppfinnsomheten hos vegarbeidarane. Som eksempel nemner ho tralla til bruk ved transport og boring med Cobra boremaskin, som Olav Kallevik i Haugesund konstruerte.

#### Ta vare på seg sjøl

- Eg er opptatt av at den enkelte skal kunne ta vare på seg sjøl i arbeidsituasjonen og at ein skal vera bevisst kor viktig det er at ein beskyttar seg, seier Anne Grete.

- Er dei tilsette i Statens vegvesen Rogaland flinke i så måte?

- Ja, på mange område. Men på ein del område er ikkje alle like oppmerksom på farane, f.eks. ved bruk av kjemikalier. Difor er det svært viktig med stadige drypp og kurs, seier Anne Grete Mellgren Høie og legg til: - Eg er glad for at Børge Skeie skal begynna som bedriftslege, fordi eg veit han har forståelse for arbeidet med bedriftshelsestenesta og kor viktig det er å ha eit godt arbeidsmiljø.

# - Trivsel og gode arbeidsforhold kan utløysa store ressursar

**Statens vegvesen Rogaland får ein bedriftslege med brei erfaring og ikkje minst livserfaring, når Børge Skeie om kort tid tek til i stillinga. Storparten av sitt yrkesaktive liv har han hatt i Suldal, som lege og som bonde. I nokre år var gardsdrifta hovudyrket.**

**- Eg har interesse for gardsdrifta og stor glede av å vera bonde, men eg føler meg mest som lege, seier han.**

---

**Av Harald Sel**

Også utanom dei to yrka sine har Børge Skeie vore ein engasjert person, politisk og i organisasjonslivet. Mellom anna har han vore med i Suldal formannskap for Venstre og mellom fleire verv som han framleis har, kan me nemna at han er leiar i styret for Ryfylkemuseet.

## **Omfakkande tilvære?**

Børge Skeie hadde eit heller omfakkande tilvære før han i 1970 busette seg i Suldal. Begge foreldra var legar. Mora kom frå Fredrikstad og faren frå Storhaug i Stavanger. Han er fødd i 1933 i Tromsø, men hadde oppvekståra på fleire ulike stader: Drammen, Oslo, Stavanger og Ålesund.

Då han flytta heimanfrå for å studera medisin, hadde han første året i Newcastle i England. Seinare blei det universitetet i Oslo og til slutt i Bergen.

Som nyutdanna lege i 1960, var Børge Skeie turnuskandidat i Sandnessjøen. Året før hadde han gista seg med Anne Berit, og medan dei budde i Sandnessjøen fekk

dei det første barnet, Guro. Seinare har dei fått 4 barn til, 2 jenter og 2 gutter.

## **FN-teneste i Gaza**

Militærtenesten avtente Børge Skeie som lege på Setermoen i Troms. Etterpå var han i 10 månader ved dei norske FN-styrkane i Gaza.

- Det var ei gjevande tid, seier han. - Eg var lege både for militært og sivilt mannskap og i tillegg for ein god del palestinaraar. Her fekk eg sjå kontrasten mellom korleis me har det og andre, ikkje minst når det gjeld helsa.

## **Oslo og Finnmark**

Heimkommen frå Gaza arbeidde han med indremedisin ved Ullevål sjukhus i Oslo, før han blei distriktslege i Vadsø med bustad i Båtsfjord. Båtsfjord var og er Norges største fiskevær. I 1960-åra var det 15 fiskebruk på staden.

- Eg var seks år i Båtsfjord, og i den tida begynte eg å få sjå korleis folk har det på arbeidsplassane. Mykje var dårlig. Belastningslidingar var svært utbreidde, mange var slitne og hadde det ikkje godt, fortel Børge Skeie.

Men for hans del var det gode år i Finnmark.

- Eg likte meg veldig godt og eg likte finnmarkingane

som folkeserd, dei var opne og gjestfrie, seier han.

## **Distriktslege i Suldal**

I 1970 flytta familien Skeie til Suldal, der Børge tok til som distriktslege. I fem år var han den einaste legen, og det var slitsomt, fortel han. På den tida Ulla-Førre utbygginga starta fekk han med seg ein turnuskandidat. I dag er det fem legestillingar + turnuskandidat i Suldal.


## **Bonde på fjellgard**

Sjøl slutta Børge Skeie som distriktslege i 1975 og blei bonde. Han kjøpte den veglause heiagarden Liastøl i Erfjord og familien busette seg der. Bortsett frå ei lita deltidsstilling som bedriftslege ved Røldal-Suldal Kraft, var han i fleire år bonde på heiltid.

Liastøl ligg 425 meter over havet og for å koma dit må ein reisa omlag 10 km frå Hålandsosen. I 1975 var det veglaust dei siste kilometrane og med ei stigning på 225 meter.

Det som skulle til og frå garden blei frakta med taubane og med hest.

- Liastøl er ingen därleg gard, ei fin hylle med store flater. Problemet var at me mangla veg. Særleg ringt var det for kona, som skulle på arbeid og for ungane, som skulle på skule. Etter kvart blei det betre, då eg saman med fire andre fekk bygt ein dyrkningsveg til eit nydyrkingsområde ved Liastøl, fortel han.



**Børge Skeie heime  
på garden sin i Breivik.**

### **Lege og deltidsbonde**

I 1980 makeskifta Børge Skeie med Liastøl og garden i Breivik i Erfjord, der familien nå bur. Folket i Breivik flyttet til Liastøl, slik at fjellgarden framleis er i drift.

I Breivik har han hatt omlag 40 vinterforsauer, men har i seinare tid redusert ein del. Når han tek til som bedriftslege i Statens vegvesen, og delvis må bu i Stavanger, skal ein son ta seg av dyra. Sonen forpaktar ein gard i Lovradalen, som ikkje ligg så langt unna Breivik.

- Garden her er for liten til å leva av, så då me flyttet til Breivik begynte eg i halv stilling som bedriftslege ved Ulla- Førre. Her var eg til 1982, då eg tok til i 4/5 stilling som kommunelege i Suldal. Her har eg hatt hovudansvaret for individretta helsetenester, først og fremst bedriftshelsetenester, fortel Børge Skeie.

### **Bedriftshelsearbeid**

- Eg har etter kvart fått ei ganske god røynsle innan bedriftshelsearbeid, og har

blitt stadig meir klar over kor viktig det er å ha eit godt arbeidsmiljø og god organisering, der den enkelte trivst og ikkje føler seg som ei betydningslaus «brikke», seier den nye bedriftslegen vår. Han meiner at det ikkje minst er i arbeidet for trivsel på arbeidsplassen at bedriftshelsetenesta har ei oppgåve.

- Kan ein skapa ei bedrift der dei tilsette blir spurde og føler at dei har betydning, kan det utløysa store ressursar. Den som aldri blir spurt bryr seg ikkje om å ha konstruktive meininger. Ein har mykje å henta ved god organisering. Ved å ta den enkelte tilsette på alvor, kan ein skapa engasjement, seier han.

### **Mellommenneskelege konflikter**

Børge Skeie er opptatt av å løysa mellommenneskelege konflikter innan det enkelte miljøet.

- Me må ta vare på kvarandre, - skapa eit inkluderande og ikkje eit ekskluderande miljø. Ingen må tru at ein er utan feil, og ein bør ikkje vera redd for å innrømme feil. Det gjeld også for leiariane i ei bedrift, seier han.

Børge Skeie vil som bedriftslege i Statens vegvesen satsa på å gjera seg godt kjent

på dei ulike arbeidsplassane og han seier at han eventuelt vil gå inn i konkrete arbeidssituasjonar når det ikkje fungerer.

- Ein må prøva å finna årsaka til at det ikkje fungerer, mellom anna ved arbeidsplassintervju og dermed få ein plattform for å gå vidare.

### **Den enkelte og arbeidsplassen**

Ein må finna ut kva den enkelte syns om arbeidsplassen og arbeidsforholda. Ein må hugsa at det er den enkelte si virkelighetsoppfatning som er den virkeligheten den enkelte lever i på arbeidsplassen. Då har det mindre å bety korleis bedriftsleiinga oppfattar virkeligheten.

- Kva med den tradisjonelle helsekontrollen?

- Dei forebyggjande tenestane er hovudsaka. Det gjeld det eg alt har nemnt, leggja til rette for trivsel og gode, trygge arbeidsforhold, inkludert organisering og psykososiale forhold.

Lukkast ein i dette, fører det til betre helse, større effektivitet og mindre sjukefråver, seier Børge Skeie.

# **Åpning av ny rundkjøring på Rv. II i Tysvær kommune**

**Tekst og foto: Svein Nyback Nilsen**

Torsdag den 14. juli kl. 1200 ble Rogaland 110. rundkjøring siden 1980 åpnet på Frakkagjerd av ordfører Borghild Yrkje i Tysvær kommune.

Rundkjøringen erstatter 2 kanaliserte T-kryss, som har gitt dårlig trafikkavvikling for den betydelige sidevegtrafikken. Rundkjøringen er i sin helhet bekostet av Tysvær kommune, og selv om ikke plantene var på plass under åpningen, kan vi bekrefte at det er lant ned betydelige midler i beplantning og utforming av sidearealer. Rundkjøringen har en kostnad på ca 1 mill, og er planlagt og bygd av Statens vegvesen.

Etter den formelle åpningen spanderte Tysvær handelsstandsforening middag på gjestene. Dette i takknemlighet over at de store næringsområdene på Frakkagjerd nå har fått bedre levevilkår.



**En fornøyd ordfører Borghild Yrkje med sitt nye ordførerkjede. I midten formann i Tysvær Næringsforum Bjarne Lynghammer, med gave til kommunen som takk for innsatsen. En smilende vegsjef hadde tatt pause fra murerarbeidet på hytta for å være med på åpningen.**

Rogalands siste veglause bygd

# Fest og gledestårer då Songesand fekk veg



**Kva tenkte han, 84-årige Gitle Songsand, då den lange rekka av bilar passerte heimen hans på Songesand? Han sat på trappa, saman med hunden, og såg på bilkortesjen som kjørte vegen ned til Songesand kai og tilbake til skulhuset. I bilane sat Songesandfolk og gjester, som kom frå opnings-seremonien for den nye vegen. Gitle var også invitert til festen, men han valde å markera møtet med «den nye tida» i lag med seg sjøl og med hunden.**

**Av Harald Sel**

Den offisielle opninga gjekk føre seg på bruva mellom Store- og Little Sandvatnet, der grensa mellom kommunane Hjelmeland og Forsand går. Det var Kjersti Hatleskog og Odd Kåre Hatleskog som markerte vegen opna ved å skjera over ein bjørkekivist.

## Distriktsutbygging

Forsand skulekorps opna seremonien ved Sandvatnet med å spela «Fagert er landet». Velvalde tonar i den vakre og storslagne naturen vegen går igjennom.

Ordførar i Forsand Fridtjof Thorsen Norland heldt tale for dei frammøtte, og han la vekt på at Songesand er den siste grenda i kommunen som får vefsamband.

- Vegkravet frå Songesand kom alt i trettiåra. Før var Lysefjorden ei tenleg ferdselsåre, men i dag stengjer fjordane meir enn dei bind saman. Bygder som Songesand kjem i bakleksa når dei ikkje har vefsamband. Difor er det rett å bruka så mange pengar på veg til bygda. Bygder som Songesand må ikkje avfolkast. Dette vegprosjektet er distriktsutbygging til beste for alle, sa Fridtjof Thorsen Norland.

## Songesand sin fest

Etter opninga kjørte ein lang bilkolonne frå Sandvatnet til Songesand kai og tilbake til skulen. Her var det dekka for 60 gjester. Dette var Songesand sin fest. Vegvesen-folk og andre gjester fekk oppleva ekte takksem og glede frå bygdefolket. Fleire generasjonars kamp for veg var endeleg i mål.

Kor stort dette er for folket i Songesand, er ikkje lett for utanforståande å skjøna. Men når ein møter folk som med gledestårer i augo uttrykker takk og tru på

**Under festen på Songesand skule song Bergljot Hatleskog viser. Det gjorde ho vakker og stemningsfullt.**

framtida, forstår ein kor ulik denne vegopninga var samanlikna med dei fleste andre i vår tid.

Det er berre dei som har vore veglause, som verkeleg skjønar verdien av å få vefsamband. I så måte kan ein seia at vegopninga var historisk. Truleg var dette siste gongen me opplevde ein vegfest av dette slaget i Rogaland. Songesand var det siste bygdesamfunnet i fylket som får vegutløsing.

**Med assistanse frå ordførar Fridtjof Thorsen Norland, foretok søskenparet Kjersti og Odd Kåre Hatleskog den offisielle opninga ved å skjera over ein bjørkekivist. Kjersti og Odd Kåre er dei einaste skuleborna i Songesand nå.**

Festen på Songesand skule blei styrt av Eldbjørg Moen. Før velsmakande smørbrød og kaker blei servert, song Bergljot Hatleskog «Skigardsvise» og heldt fram med «Vestland, Vestland». Den siste song ho fordi Chester Danielsen hadde fortalt at han lika så godt den songen, fortalte Bergljot.

## Flyttelass den rette vegen

Inge Øyvind Hatleskog blei under festen titulert som «ordføraren i Songesand». Han heldt ein engasjert tale, der mange fekk takkens ord. Han uttrykte eit sterkt ønske om at flyttelassa, som måtte koma i Songesand, skal gå den «rette vegen».

## Meiningsfylt

Vegsjef Chester Danielsen gratulerte bygdefolket og takka for at han hadde fått vera med på ei veldig flott opning.

- Eg blei rørt då eg sto i den flotte fjellheimen og musikkorpset spela «Fagert er landet». Då følte eg at det eg har vore med på i eit langt liv, å byggja vegar, har vore meiningsfylt, sa Vegsjefen.



Vegen er opna og folket strømmer over bruva mellom Store- og Little Sandvatnet. I første rekke til høgre går ordførarane i Forsand og Hjelmeland, Fridtjof Thorsen Norland Og Terje Borgen.



## Songesandvegen

Vegen, som gir Songesand vegutløsing, går frå garden Helmikstøl til Gamlestøl og vidare til Årdal i Hjelmeland. Den totale strekninga er litt over 20 km. Sju km av strekninga er ny veg.

Frå Helmikstøl til Songesand kai var det frå før ein 6 km lang veg. På denne er det nå utført ein del opprustningsarbeid. Frå Gamlestøl til Årdal nyttar ein den

gamle vegen til Lyngsvatn. Delar av denne vegstrekninga er nokså dårlig. På føresommaren løyvde sylket 1,5 millionar til å utbetra ein del av dei verste punkta og til forsterking av nokre bruer.

Høgaste punktet på den nye vegen er 650 meter over havet. Arbeidet er utført av Bertelsen & Garpestad, Egersund, som dei to siste somrane har hatt mellom 10

og 15 personar sysselsette på anlegget.

Vegen har kosta 23 millionar kroner og er kosta fullt ut av Forsand kommune.. Den ferdige vegen er derimot opptatt som fylkesveg og Statens vegvesen har overtatt vedlikehaldsansvaret. For tida er det usikkert om Rogaland fylkeskommune løyver pengar til å halda vegen vinteropen.

Publikum sin dom om vintervedlikehald:

**Nærø best i landet**  
når det gjeld vedlikehald av  
vegnettet vinteren 1993/94. Dette  
var publikum sin dom i den  
landsomfattande  
spørreundersøkelsen om  
vegvedlikehald og kjøreforhold,  
som blei gjennomført 9. mars i år.  
I Rogaland var tre av dei seks  
vedlikehaldsområda, Nærø,  
Bærheim og Haugesund, med i  
undersøkinga. I kvart av områda  
blei det levert ut 500 spørreskjema  
til trafikantar ulike stader ute på  
vegane. Svarprosenten var ca 50.

**Av Harald Sel**

I spørreskjemaet har trafikantane gitt svar på ei rekke spørsmål. Ved svara er det brukta ein skala frå 1 til 5, der 1 er svært godt, 2 ganske bra, 3 brukbart, 4 mindre bra og 5 dårlig.

### Nærø på topp

Det mest interessante av resultata er truleg spørsmålet om kva heilhetsintrykk

## Nærø best i landet

trafikantane har av vedlikehaldet og kjøreforholda vinteren 1993/94. Her kjem Nærø best ut i heile landet, både når det gjeld riksvegar og fylkesvegar.

For riksvegane er Nærø suverent best, med 1,78 på vurderingsskalaen. Nest best er Øyer i Gudbrandsdalen med 1,93. For fylkesvegane kjem Nærø også best ut, men berre så vidt. Stasjonen får 2,74 på vurderingsskalaen. Øyer er også her nr. 2 med 2,75.

### Bra for Bærheim og Haugesund

Men det er ikkje berre Nærø isolert som kjem svært godt ut i publikum sitt omdømme. Også Bærheim og Haugesund er mellom dei beste, spesielt når det gjeld riksvegane. Her kjem Bærheim på tredje plassen og Haugesund på fjerdeplassen i landet. Bærheim har fått 1,94 på vurderingsskalaen og Haugesund 1,96. Nummer fem er Lyngdal i Vest-Agder med 1,99.

For fylkesvegane har Bærheim fått 2,87 og Haugesund 3,06. Her har ei rekke vegstasjonar (vedlikehaldsområde) enda

opp mellom 2,80 og 2,90 på skalaen. Høgast, etter Nærø og Øyer, kjem Lakselv med 2,82, Lyngdal, Birkeland og Åndalsnes har 2,83 og Støren med 2,84.

### Problem med fylkesvegane

Hovudkonklusjonen må vera at Rogaland for riksvegane ligg på ein vedlikehaldsstandard som trafikantane er godt nøgde med. For fylkesvegane er det derimot mykje å henta, seier overingeniør Per Kydland ved Driftsavdelinga i Statens vegvesen Rogaland.

Han seier vidare at det er lite ein kan gjera med fylkesvegnettet utan større løyvingar, og utsiktene er ikkje dei beste.

- Det ser heller ut til å vera ei utvikling mot dårligare standard på fylkesvegnettet. Ei fattig trøst får vera at også andre fylke begynner å merka ein tilsvarande tendens til reduserte løyvingar. Dette kan kanskje i større grad få Vegdirektoratet på banen, når det gjeld påvirking for større løyvingar til fylkesvegane, seier Per Kydland.

# Folkefest på



## Dagen da alt stemte

Det var en glad og oppstemt vegsjef som ønsket velkommen til åpningen. Og han hadde grunn til å være oppstemt for alt stemte liksom på denne åpningsdagen. Været var vakert, folk var glade for den nye vegen, Jørpeland skolekorps sammen med Jørpeland musikkorps underholdt før åpningen til tross for at det var ferietid, og «Ferjefritt Ryfylke» serverte kaffe og vafler til tilskuerne.

Yngve Berg fra Jørpeland skolekorps hadde til og med komponert en egen fanfare i anledning dagen. Hva mer kan et vegvesen ønske seg på en åpningsdag?

Men det var litt malurt i begeret. Kostnadsoverskridelsen på omlag 40 millioner måtte nevnes.

- Årsaken til fordinnelse var grunnforholdene og at tunnellen på Botshia ikke lå i de opprinnelige planene, sa vegsjef Chester Danielsen i velkomsttalen. Han unnlot

heller ikke å takke spesielt administrasjon, rådmann og politisk ledelse i Forsand kommune for 62 millioner kroner i særbidrag. Han rettet også en takk til etatens egne folk for innsatsen deres før han ga ordet til vegdirektøren.

## Vegdirektørens første offisielle handling i Rogaland

Vegdirektør Olav Søfteland hadde fått i oppdrag å hugge over båndet tvunnet av nasjonalfarget ullgarn. Redskapen var en kopi av en steinalderøks fra Forsand. Og selv om han ble godt hjulpet av ordfører Tormod Nag, Strand, og ordfører Fridtjov

Thorsen Norland fra Forsand, måtte det fire hugg til før båndet var av. - Det er gledelig å se synlige bevis på politiske vedtak, sa vegdirektøren. Han minnet også de tilstede om trafikksikkerheten og ba dem bruke den nye vegen med vett!

Åpningsseremonien ble avsluttet med fanfare.

## Festen fortsatte for inviterte gjester

Forsand og Strand kommuner, Høgsfjordbruene A/S og Statens vegvesen var verkskap for omlag 100 inviterte gjester på kulturhuset i Forsand. Forsand skolekorps ønsket


gjestene velkommen med musikk utenfor kulturhuset, og underholdningen fortsatte inne med sang ved Rønnaug Foss Alsvik som åpnet med en folketone fra Ryfylke.

Kåre Tveit fra Strand hadde laget en flott prolog for «Botsheiavegen» som han framførte selv, ordfører Norland delte ut steinøkser til initiativtakerne av vegen. Torstein Berle, Chester Danielsen og Morten Berle fikk hver sin øks under stor applaus fra de tilstede.

Toastmaster Tor Egil Fjelde hadde nok å gjøre med å holde rede på talerlisten, for den var lang. Vi skal ikke her komme inn på hva den enkelte sa, fordi alle var samstemte i rosen sin om den nye vegen mellom Oanes og Botne, og alle venter på neste trinn - Lysefjordbrua - selv om enigheten kanskje ikke var like stor når det gjelder Høgsfjordrøret.

Vegdirektør Søfteland poengterte i sin andre tale denne åpningsdagen at Oanes - Botne er en del av et større anlegg med en ferjefri forbindelse Lauvvik - Oanes som endelig mål. Han sa videre at Høgsfjordprosjektet var et spennende prosjekt, og han lovet å arbeide videre med Forsandpakken

**Stoppl markerer Janniken Nordbø. Hit, men ikke lenger. Med over 1.000 tilskuere kunne ikke alle parkere rett ved åpningsstedet.**



# Ryfylkevegen!

## Ny veg - gamle planer

Den nye vegen mellom Oanes og Botne om Høllesli og Botshei realiserer ideer som er over 60 år gamle. Fylkestinget behandlet denne vegaens for første gang i 1934. Først i 1979 var hovedplanen klar, og enda tok det mange år før anleggstart. I april 1992 begynte arbeidet som i alt tok 27 måneder til vegen sto ferdig 6. juli 1994.

## Reisetid og miljø

Med den nye traséen blir kjøretida mellom Oanes og Jørpeland mer enn halvert. Det er krabbefelt i de bratteste partiene i tillegg til den gjennomgående tofeltsvegen.

Vegen er også blitt mer trafiksikker og miljøvennlig. Vegvesenet har forsøkt å ta mest mulig hensyn til miljøet ved valg av trasé. Vegen krysser Botneåna med bru i steden for kulvert slik at dalsøkket blir holdt åpent. Langs Botnevannet ble planene endret slik at vegen nå ligger lengre fra vannet og mer inn i terrenget. Og gjennom en fjellrygg ved Botsheia er vegen lagt i tunnell.

### Data om anlegget:

Lengde: 10 km  
Vegklasse: H 1  
Vegbredde: 7.5 m + 3m krabbefelt  
Dimensjonerende fart: 80 km/t

### Kostnader:

Veg:	70.3 mill. kr
Bru:	3.0 mill. kr
Tunneler:	30.0 mill. kr
Totalt:	103.3 mill. kr

### Finansiering:

Forsand kommune,  
særbidrag: 62.0 mill. kr.  
Statlige midler: 41.3 mill. kr.

### Driftsform:

Private entreprenører: omlag 50 %  
Egenregi: omlag 50 %

Når gjennomgangstrafikken mellom Oanes og Jørpeland går den nye vegen, får de som bor langs gamlevegen bedre levekår med tanke på støy, forurensing og trygghet.

## Rastepllass

Selv om rastepllassen på Notvik ikke var ferdig da vegen ble åpnet, så er den klar til å ta i mot besøk nå. Ta en titt på den - det er en av fylkets flotteste rasteplasser!



Den nye vegen har mange flotte partier. Her åpner landskapet seg mot Lysefjorden.

**Styreformann**  
Roald  
**Bergsaker og**  
dir. Ivar  
Bjerkeland i  
Høgsfjordbruene  
A/S står her  
midt i  
folkemengden.  
De har begge  
vært pådriverne  
i arbeidet med  
den nye  
Ryfylkevegen.



Rastepllassen på Notvik.



Ny rastepllass ved Rv.44 mellom Egersund og Sokndal

# Kultur-rastepllass på Stapnes

Fine rastepllassar har me etter kvart fått fleire av langs vegnettet i Rogaland. I så måte er ikkje rastepllassen på Stapnes eineståande, sjøl om han ligg i eit fint landskap med storlått utsyn mot havet. Eineståande er det derimot at heile tre kulturhistoriske minne er innarbeidd som ein del av anlegget. Det gjeld to steinkvelvbruer, Litlå klopp og Svåbru, og eit gammalt kvernhus. Tidleg i juli blei Stapnes rastepllass offisielt opna av fylkesvaraordførar Kjell Erfjord.

Tekst: Harald Sel

Foto: Eva Vivoll

I talen sin ved opninga sa Kjell Erfjord at han ville framheva fire ting ved rastepllassen, han er trafikkvennleg,

Vegsjef Chester Danielsen og fylkesvaraordførar Kjell Erfjord tar for seg av bløtkaka som blei servert rett etter den offisielle opninga av Stapnes rasteplass.

miljøvennleg, han er knytta til kulturminne og prosjektet er realisert gjennom samarbeid mellom fleire ulike etater.

## «Den tunge parten»

Dei etatane som i hovudsak har samarbeidd om bygginga er Eigersund

kommune, Dalane Folkemuseum og Statens vegvesen. Vegsjef Chester Danielsen «spelte» vidare på dette samarbeidet i sin humoristiske tale.

- Samarbeidet har vore godt, men med Vegvesenet som den tunge parten. Ein



# Kvernhuslarmen stilna då

Han har mange minne frå kvernhuset, Sivert Stapnes. Han er glad for at dette kulturminnet nå blir tilgjengeleg for vegfarande.

- Særleg hugsar eg frå barneåra, då eg var med far og mor når dei malte havre, fortel han.

Kvernhuset er bygt av farfar til Sivert Stapnes, Sivert Karlsen Stapnes, som var fødd i 1834 og døydde i 1920. Ein veit ikkje nøyaktig kor tid han bygde kverna, men truleg var det ein gong mellom 1860 og 1870.

Avt: Harald Sel

Kvernhuset på Stapnes er ei typisk gardskvern. På svært mange gardar malte bøndene kornet på eiga kvern. Elles

hadde gjerne to eller fleire gardar kvern saman.

Fram til andre verdskrig var det nokså vanleg å mala korn på desse vassdrivne kvernene. Frå 1945 og utover minka det fort med heimemaling av korn.

Kverna på Stapnes var i bruk fram til krigsutbrotet, fortel Sivert Stapnes.

- Far min, Severin, som levde frå 1880 til 1971, tok seg stort sett av malinga i den tida eg hugsar. Sjøl hadde eg for det meste arbeidet med å turka kornet før malinga. Det gjorde me på bakste-hella, som me sette ein karm rundt. Så var det å røra jamt og trutt. Det var viktig å ikkje brenna kornet. Det var fort gjort, når ein fyra med ved og varmen kunne bli ujamn, seier Sivert. Det var helst havre dei malte på gardskvernene, og mjølet

blei for ein stor del brukt til å baka flatbrød.

- Koner gjekk rundt og baka flatbrød, og var gjerne fleire dagar på kvar gard. Når dei var ferdige låg det store ruer av flatbrød på loftet, minnes Sivert.

Når det blei slutt med malinga på Stapnes etter krigsutbrotet, skuldast det først og fremst krigeraktiviteten i området. Tyskarane bygde fleire festningsverk med luftskyts og kanonar på Stapnes. Det blei sett opp brakker, der mellom 200 og 300 tyske soldatar var stasjonert. I tillegg tok tyskarane etter kvart i bruk kvart einaste hus på Stapnes, og dei som budde der måtte bort. Sivert Stapnes og familien flytta to gonger, først til Lædre og seinare til Svanes.

Men på sjøen for å fiska var han under

*Litlå klopp er ikkje synleg frå Rv.44 (bak autovernet), men frå rasteplassen går det nā ein turveg over bruа. Til høgre for bruа ser me vassrenna som går fram til det gamle kvernhuset*



kan seia kva ein vil om Statens vegvesen, men tunge er me, humra vegsjefen.

Han kunne elles fortelja at av dei etter kvart svært mange anlegga av ulike slag, som han har vore med på å opna, var dette første gongen han medvirkta ved opninga av ein rasteplass.

#### **Det første måltidet**

Varaordførar Marit Undheim representerte ein av dei andre samarbeidspartnarane, Egersund kommune. I sin tale la ho vekt på at dette tiltaket er med på å verna om kulturminne. Elles trudde ho at mange

vegfarande ville få nokre herlege måltid rundt borda på rasteplassen. Sjøl inviterte ho gjestene ved opninga til det første måltidet, bløtkake og kaffi.

#### **Kulturminna**

Dei kulturminnene som i første rekke blir lettare tilgjengelege ved opninga av rasteplassen, er Litlå klopp og kvernhuset ved Litlå. Svåbru har også tidlegare vore lett synleg frå riksvegen.

Litlå klopp blei bygd som ledd i ein delvis kjørbar rideveg mellom Egersund og Sokndal. Det er usikkert kor tid bruа blei

bygd, men kanskje er ho den eldste bevarte steinkvelvbruа i Rogaland. Enkelte kjelder meiner at ho er bygd på 1700-tallet, mens andre meiner at ho først blei bygd mellom 1840 og 1850.

Svåbruа er bygd i 1888, som eit ledd i ny veg mellom Egersund og Sokndal. Ho avløyste Litlå klopp. Bruа var ein del av Rv.40 (seinare Rv.44) fram til 1937. Då blei den nye bruа ved Stapnes, som framleis er eit ledd i Rv.44, bygd. Når det gjeld kvernhuset ved Litlå, viser me til intervju med Sivert Stapnes under.

## **luftskyts og kanonar overtok**


heile krigen og han opplevde svære sjøangrep frå allierte styrker.

- Ein gong rauk det granatar alle vegar, men ikkje eit menneske eller eit hus blei skada. Me blei beskytta av Gud, både på sjø og på land, meiner Sivert Stapnes.

Fiske har vore hovudyrket hans i alle år, i kombinasjon med småbruket der ein på det meste hadde fem mjølkekryr. Nå er Sivert 87 år, men framleis aktiv fiskar.

- Eg er ikkje på sjøen kvar dag, men eg har vontd for å vera på land - i allfall når veret er tolleg godt, seier han.

*87-årige Sivert Stapnes i kvernhuset som farfar hans bygde for over 100 år sidan. Nå kan vegfarande studera dette kulturminnet når dei stansar på rasteplassen på Stapnes.*



Spørreundersøking blant yrkessjåfører

## Gavekort til vegvesen-sjåfør

Ola Helleland d.y. ved Bærheim vegstasjon blei den heldige vinnaren av eit gavekort på kr. 1000 i samband med ei spørreundersøking om arbeidsmiljø, helse og trafikksikring mellom yrkessjåførar.

Gruppe for trygdemedisin ved Universitetet i Oslo og Trygg Trafikk står bak undersøkinga, som er gjennomført i 16 transportbedrifter i Rogaland og Oslo/Akershus, mellom desse Statens vegvesen Rogaland.

Svarprosenten for sjåførane i vegvesenet var 59,26. - Dette er bra. Så stor svarprosent har me ikkje når det er avstemming om eit tarifforhandlingsresultat, sa hovudtillitsmann Kjell Tronstad, då han ved ei markering på Bærheim vegstasjon overrekte gavekortet til Ola Helleland d.y.

Gruppa for trygdemedisin ved Universitetet i Oslo vil på grunnlag av spørreundersøkinga, fylgja opp med forebyggingstiltak.

**Ola Helleland d.y.  
(t.h.) får overrakt  
gavesjekken av  
hovedtillitsmann  
Kjell Tronstad.**



Seinare i haust vil det bli klart kor mange av Statens vegvesen Rogaland sine sjåførar som får høve til å vera med på desse forebyggingstiltaka.

### J U B I L A N T A R

#### 50 år

##### **Gunnar Magnussen**

Biltilsynet Haugesund - 29. september

##### **Njål Hanasand**

Nærø - 4. oktober

##### **Reidar Holgersen**

Bruer og kaier - 11. oktober

##### **Håkon Østrem**

Anl. Egersund - 14. oktober

##### **Magne Horve**

Anl. Stavanger - 22. oktober

#### 60 år

##### **Johannes Thomsen**

Vegkontoret - 27. september

##### **Sverre Thu**

Biltilsynet Stavanger - 5. oktober


## Sykle til jobben-premiering

Sykle til jobben-aksjonen blei i år avvikla over fire veker frå 24. mai til 17. juni. Ved Vegkontoret var det Kjell Husebø og Karsten Rennæs som tok seg av organiseringa på vegne av Velferdsutvalget.

- Me kom seint i gang, og oppsluttinga blei ikkje så stor som me kunne ønska. Neste år bør det bli meir fart over aksjonen, seier Kjell Husebø.

I alt var det 23 personar som sykla ein eller fleire gonger til og frå arbeid i aksjonsperioden. Tre av desse fekk gavepreiarar frå Bedriftsidrettslaget. Etter loddtrekning

fekk Helen Lomeland Taugbøl og Eva Vivoll kvar sin sykkelhjelm og Olav Øyvind Hamre fekk ei sykkelveske.




To av premievinnarane saman med leiaren i bedriftsidrettslaget, Johan Lund. Frå v.: Eva Vivoll, Johan Lund og Olav Øyvind Hamre. Helen Lomeland Taugbøl var ikkje til stades under premieutdelinga.

# Kryssord nr.4/94

## VANNRETT

- 2. Begynnelse
- 10. Byrde
- 12. Leker
- 13. Husdyr
- 14. Tre
- 15. Uforgylt
- 18. Uthus
- 19. Alene
- 20. Månefase
- 21. Insekt
- 23. 5536
- 25. Dratt
- 26. Se
- 28. Fugl
- 29. Navn
- 31. Røre
- 33. Skogsdyr
- 34. To like
- 35. Ledermøte
- 36. Navn
- 38. Krypdyr
- 39. Møtested
- 41. Forme
- 42. Jur. uttrykk
- 43. Nyn. pron.
- 44. Art.
- 45. Korke
- 46. Klokke
- 47. Frø



Løsningen på kryssord nr. 4/94 sendes til:

## RYGJAVEGEN

Postboks 197, 4001 Stavanger

Innen 23. september 1994

Innsendt av: .....

Adresse: .....

.....

## LODDRETT

- 1. Høylager
- 3. Yndige
- 4. Bokser
- 5. Motbydelig
- 6. Klag!
- 7. Kamp
- 8. Sterk
- 9. Skremme
- 11. Sopp
- 16. Småpenger
- 17. Vinnere
- 22. Søke
- 24. Forenkle
- 25. Udelts
- 27. Eneboer
- 30. Tom
- 32. Tre
- 34. Plaggdeler
- 37. Kj.symbol
- 38. Elveutløp
- 39. Leg.del
- 40. Skogsgud



**Et FLAX-lodd til de to  
første løsningene som  
trekkes ut.**

**Anne Elise Njærheim**  
Kjerrevegen 13  
4350 Nærø

**Sigm. Holgersen**  
Steinsneshaugen 11  
5500 Haugesund

**Rett løsning nr. 3/94**

# Rutebilveteran frå Årdal


**Visste du at den moderne piggrådmusikken truleg oppstod i ein av Ryfylkevegens Bilruter sine bussar, på ein rutetur gjennom Årdal og med Edvard Austigard som sjåfør?**

**Han ler godt, mens han fortel historien, snart 85 år gamle Edvard. Beina er ikkje så spreke lenger, men elles manglar det verken på humor eller minne. Og han har særskilt mykje å minnast frå eit langt og innhaldsrikt liv. Ikkje minst gjeld dette frå dei mange åra som sjåfør og driftsleiar i Ryfylkevegens Billag**

**Av Harald Sel**

Edvard Austigard har hatt sertifikat for bil i 66 år, sidan 1928. Sju år seinare tok han til som bussjåfør.

- I 1937 fekk ein «hol» på Ryfylkevegen, med samanhengande bilveg mellom Tau og Tøtlandsvik, og Østerhus Bilruter starta bussrute. Eg fekk arbeid som sjåfør, og kjørte ruta Tau - Årdal, fortel Edvard.



## Ryfylkevegens Billag

1. januar 1940 starta Ryfylkevegens Billag i Årdal, og der var Edvard Austigard med frå starten. Han kjørte ruta mellom Tau, Årdal og Tøtlandsvik.

For litt eldre folk langs denne ruta er han nærmest legendarisk. Sjøl om han etter kvart fekk fleire administrative oppgåver, kjørte han ruta så og sei fast like til 1967. Då blei han driftsleiar i billaget, og hadde denne stillinga til han blei pensjonist i 1977. Då overtok sonen Eldfinn som driftsleiar og var i den stillinga til Østerhus Bilruter overtok Ryfylkevegens Billag i 1985.

På det meste hadde Ryfylkevegens Billag 17 bilar, når ein reknar både store og små bussar og lastebilar.

## Bussjåfør under krigen

Edvard opplevde så mykje i dei åra han arbeidde i billaget, at det kunne skrivast ei bok om det.

Mellom anna kjørte han under heile krigen, og frå den tida er det så visst ikkje berre hyggelege ting han kan fortelja. Drivstoffet var vedgass, utvikla ved brenning av knott (korte vedskier).

- Det gjekk greit for så vidt, men trekkrafa blei liten. På krabbegir kom me greit opp dei brattaste bakkane. Men det hende at folk hoppa av og sprang føre bussen opp bakkane og venta på bakketoppen, fortel han.

## Dei utrulegaste ting

Men det er helst morosame ting Edvard minnestr; han fortel, humrar og ler.

- Ein gong kjørte eg med stappfull buss. Då me kom til gamle kyrkja i Årdal, kom ein eldre mann fram til meg og sa litt oppost: «Du må kjøra fort, ei kone har begynt å fø i baksetet». Ho skulle til Valheim, og det var berre så vidt eg nådde fram før ungen kom.

- Nei det var ikkje måte på ting ein kunne koma bort i, ler han. - Eg hadde ofte turar til byen, og då blei eg f.eks. bedd om å kjøpa dei utrulegaste ting, frå damekåper til fjører til å ha i damehattar.

- Så du hadde mange slags oppdrag?

- Ja det er sant eg hadde, svarar Edvard.  
- Eg kan ta eit eksempel. Ein gong fekk

eg ein beskjed omrent som slik: «Du må henta ein kalv i sjøset. Han står i ein garde på venstre sida av dora. Og i sjøsglaset ligg merkelapp, følgebrev og sekkr til å ha kalven i». Det var så tidleg på morgonen bussen gjekk, at folket på garden ville ikkje stå opp for å ekspedera kalven sjøl, forklarar Edvard.

## Grisunge og «piggrådmusikko»

Lenge var det nokså vanleg å senda levande dyr med bussen, ikkje minst grisungar. Og det var under transport av ein grisunge at den moderne piggrådmusikken oppsto, «trur» Edvard og fortel:

- Ein grisunge slapp ut or sekken i ein stappfull buss. Du skulle hørt balluren då han spratt rundt i bussen mellom damebein og ungar. Til slutt fekk ein av passasjerane tak i grisens og heldt han i fangen til me fekk han oppi sekken att.

## Tunge løft

- Nei, det var litt av kvart som kvilte på ein bussjåfør, også det eg vil kalla skrekkelege ting, minnest Edvard.

- Folk kunne f.eks. kjøpa med seg 100-kilos sekker med mjøl, og så venta dei at sjåfören skulle bera dei inn i huset, ja til og med opp i andre etasje. For min del makta eg ikkje å bera 100 kilo opp ei trapp, men eg sleit mykje, seier Edvard Austigard.

## Nye håndbøker fra vegdirektoratet

### 144 - Kvalitetssikring

Retningslinje - 39 sider

Håndboken beskriver det overordnede kvalitetssikringssystemet for Statens vegvesen.

### 025 - Prosesskode-I

Retningslinje - 386 sider


Standard beskrivelse for vegarbeidsdrift. Hovedprosess 0-7 og 9.

### 176 - Oppbygging av fyllinger

Veiledning - 124 sider

Håndboken gir veiledning for undersøkelser, vurderinger og prosjektering av vegfyllinger.

Interesserte utenfor Statens vegvesen kan kjøpe håndboken fra Håndboksekretariatet i Vegdirektoratet.



Hos Ingunn og Kjell Johan Vigane

# Frodig form- og fargeoppleveling

Tunet og hagen til Ingunn og Kjell Johan Vigane i Hjelmeland er ei form- og fargeoppleveling av dei sjeldne. Stein, plantar og blomar harmonisk tilpassa kvarandre og til terrenget. Stilfullt og vakkert. I 10 år har dei budd på garden Vigane ved Breilandsvatnet. På dei åra har dei reist nye bygningar på nytt tun og opparbeidd den store og prydfulle hagen.



Av Harald Sel

Kjell Johan har arbeidet sitt ved Tau vegstasjon og Ingunn driv kafeen Mångt & Metta ved ferjeleiet på Sande i Hjelmeland. Når dei i tillegg har hus, heim og

gard, må ein undrast over at dei har tid til ein så arbeidskrevande hobby som hagen deira er.

- Ikkje gje meg ros for hagen. Den er stort sett Ingunn sitt verk, seier Kjell Johan. Me skjørnar fort at det er rett. Hagen, plantar og blomar er Ingunn sin store hobby. I hagen hentar ho rekreasjon og overskot til alt det andre ho syslar med.

## Over 1000 plantar

- Eg har aldri telt, men eg trur nok det fins over 1000 ulike plantar frå stauder til buskar av ulike slag, seier Ingunn og fortel at den tida ho brukar i hagen i sommarhalvåret nok tilsvrar full arbeidsveke og meir til.

- Ja, skyt Kjell Johan inn, - laurdag gjekk ho ut klokka 12 om natta, for å stella i hagen.

- Eg var ute og kjente på luktene, forklarar Ingunn. - Du skulle berre kjent kor godt det lukta når eg gjekk der og rusla i hagen. Og så har me nokre plantar som berre blomstrar om natta, dei heiter nattsollys. Så eg må også ut om nettene, for å fylgja med og nyta synet av desse natt-blomane.

Ingunn fortel at ho alltid har vore interes-

sert i hage. Ho er fødd på Ombo, og der hadde besteforeldra ein flott hage.

- Alle plantane som bestemor hadde og som eg hugsar lukta av, dei må eg berre ha i hagen her på Vigane, seier ho.

## Rekreasjon og avreagering

- Blir du aldri trøytt av hagearbeidet, undrast me.

- Nei, det blir eg aldri lei av. Når eg er sint og sur, så avreagerer eg med å arbeida i hagen. Det er helst slik at eg blir sur dersom eg ikkje får arbeida i hagen. Og nå utover hausten, går eg og tenkjer på kva eg skal planta neste år. Eg spekulerer masse på om eg får plass til alle dei plantane eg manglar og har lyst på.

Framhald neste side



## Framhald frå forrige side

Planar for hagen har Ingunn, både når det gjeld nye plantar og større areal. Og det ser ut til at ho får alt til å veksa. Ja til og med plantar som normalt ikkje skal kunne veksa på våre breiddegrader, dei trivst på Vigane.

- Eg tek med meg frø frå utlandet, når me er ute og reiser, og stort sett får eg det til å veksa. Den planten, som du ser der borte f.eks., den har vakse fram av

eit blad som eg tok med meg frå ein plante i Legoland i Danmark, seier ho og peikar mot ein flott busk.

## Ikkje gift mot ugras

Når ein går rundt i hagen på Vigane, undrar ein seg mellom anna over at det nesten ikkje fins ugras. Me spør Ingunn om korleis ho klarar å halda hagen så rein.

- Somme som er her trur ikkje me har ugras, men det har me. Men når ein berre

veit korleis naturen virkar, er det overkommeleg å halda ugraset nede.

Mange veit f.eks. ikkje forskjell på rotugras og freugras, og bekjempar dei ulike ugrassortane på feil måte. Eit prinsipp har eg, gift brukar eg ikkje i kampen mot ugras, seier Ingunn.

# Prolog av Kåre Tveit

skrevet til åpningen av Rv.13 mellom Oanes og Botne

Håtta du ved Heiatjørn kor hardt han Olav hogg der vegdirektøren med nyskjelta grønsteinsøks.

Tommetjukk ullsnor i raudt, kvitt og blått, ga seg for eggem som søkte mot stabben i steinkaldt, men hastig og hoggande kyss.

Fridtjov og Tormod, snorstrammande «fostbrør», stod der med tvidelt snor og slitna ullaottar - og glis så breie som ferjelemmen på Oanes. Nyfikne ålmugen klappa og heia så heftig at Kjerag og Uburden skolv.

Draumen å Torgeir, frå nittentrettito, ligg her så glatt som ein sykkelvelodrom: Breidlagd og fristande, attråverdig, drangan-de blid, som ei sæterjente, kurvete og nærl, inderligønskt, som ein nyflidde laurdagsfriar.

Og «nu køyrefelagar, er timin for rosun!»

Volvo=Me rullar: Pengeskodd tyskar med bundesbankkonto - og buvogn så høg som ein låve på Jadar. Smilande danskars - som sjeldan smakar vatn - runde og blide - og tørste på natur, effektiv japanar på ideleg potensijsakt, (Han vil nok finna styrke i landet ved Lysefjorden) svanskars, som framleis er glade i seg sjølv, finspiste fransk-menn, hækne på gåselever - dei skal få fenalar og pinnakjøt hos oss.

Den nyopna vegen, så ypperlig og vakker, så flott han burde hatt namn på latin: Via Montanus? Nei - roa deg bonde - ein snarveg, så heilnorsk, så fjellnorsk og råbarsk, må nemnast på heimemål! Du va då vel go! Botsheiveien? Rotekte, talande nemning? Ei mil av riksveg tretten: Ei herleg mil!

Nemnde me snarveg? Jau då, me gjorde det. Snarveg og snarveg -- i forhold til kva?

Før var det den ytre, den svingete, smale og lange, me køyrd i seksti og sytti - og meir enn det - med høgrefoten som dansa mellom gassen og bremsa, med høgspente

sansars --- og livet i nevane. Men her, på den nye og gode og breie, me susar i nitti, (og endå litt til) -- Vel tunge på gassen - og livet i nevane.

Farlege vegar, sa du? Farlege veier? Du er den farlege, fartsidioten: Bilbølle, kjekkas, tåpe i trafikken, for oss andre var det best om du heldt deg til barnevogn.

Det er mangt me ikkje skjønar - men når det blir hevda at vegar er skjemmande sår i naturen --- då er det vanskeleg å halda seg alvorleg.

Bygging av ganlege vegar er heilage handlingar! Ros og vellete skal planleggjaren bak teiknebrett og skrivepult få, ho eller han med nivellringeskikkerten, med schovldosaren og bergboraren, vegkantpyntaren med jarnrive og nennsam frøsåarhand.

Vegbygging er kunst! Vegbyggiaren er ein kunstnar!

Du kan nyta kunsten, du lukkelege på nordtur frå Oanes. Ein ti-tolv minuttus svipptur - så vips, er du på Jørpeland - Ryfylkes Paris.

Og ber det så til, at du rullar sørover, den dagen Forsandbrua er bygd og farande, så er du - før du får sukk for deg - i Landalandsbyen, Rogalands Pompei. Så vel kan det laga seg, du heldige farande.

Kunsten er jamt så grenselauast kostbar. Vegbygging - runer i fjellnoregs bergrike barm aller dyrast. Og denne mila av riksveg tretten måtte kosta umåteleg store summar? Så pengekrevande, at det måtte ein «Forsandpakke» til!

Og «Dei tri store», Torstein, Chester og Arne, tok skeia, eller rettare sagt kulepennen, i si eiga hand. Ein rådde over eit visittkort, som rømde dei nødvendige

nullane til dei over seksti millionane som pakken presenterte, og som opna mulen på staten sin pengesekk!

Hadde dei tri sellane, den gongen hatt endå eit visittkort - så hadde dei visseleg ordna finansieringa fo «Forsandrøyret», (verdens åttande underverk) når dei først hadde kulepennen framme?

Jubla ryfylking! Gled dykk alle, av Harald konungs undersåtar, og alle andre, som er så lukkelege at dei får køyra denne herlege vegen! Men trø med måte på gassen! Når sikten er god, så må du unna deg ein stans til ettertanke, og for å festa blånanane til netthinnene:

Sup i deg oksygenum, selsamt krydra med ange av einer, pors og vier - av klokkeling i rosaskjær og raudnande røsslyng der biene beiter. Sjå i dag! Nyt i dag - køyreturen! Om du får oppleva ein annan dag --- det veit du ikkje, menneske. GOD TUR!

Snart dreg me, kvar til sitt, ei hugnadsstundrikare. Men, om kjänner Signe, Ivar og Fridtjov rett, så vankar det ei gåve til Olav - øksesvingaren:

I staden for diger armring i puraste gull, så skal han få grønsteinøks - nybrynt og nyttig. Det er opp til Olav sjøl, om han vil ha øksa i beltet --- eller på veggen, der inne i direktoratet: Men synleg for alle.

Me er byrge av deg: Vel hogge, kongens mann! Lukke og hell følgje Botsheivegen!

Stein - jamvel med runer - eller også bauta utan tekst, fekk brubyggiaren og vegbyggiaren - før. Dei tri med millionane, Torstein, Chester og Arne, dei må nok få stein - ein gong - dei og.

Og den må vera stor.

## Kjære bilst

Innleit med en kritisk kommentar om biltrafikk og sykkelstier.

Ja visst vet jeg at det finnes sykkel- og gangstier. Jeg ble overlykkelig da jeg fant bortimot sammenhengende sykkelsti på min drøye 20 kilometer tur fra hjem til arbeid. Men grus og glasskår i tillegg til skarpe fortauskanter, det er ikke den beste kombinasjonen for tynne, smale dekk. Og det er grenser for hvor mange punkteringer humøret tåler, både for meg og den som måtte ta telefonen hjemme når jeg tynt ba om å bli hentet.


Forresten - sykkelstier er ikke helt trygge for deg de heller. Det er ikke alltid du «husker» å stoppe opp ved utkjørsler som krysser sykkelstier. Jeg forsøker etter beste evne å følge trafikkreglene og overholde vikeplikt. Men gjør du det samme? Når du driver forbikjøring samtidig som jeg forsøker å forsere på min tildelte plass i motsatt kjørebane, eller når du presser deg ut i rundkjøringen rett foran meg, da er det min tur til å hisse meg opp.

Vi er jo begge veldig klar over hvem som er den sterkeste parten her, så det hjelper meg lite å vite at det tross alt var min rett. Jeg vet at jeg på langt nær får opp samme fart som deg, men på den annen side tar jeg ikke så stor plass heller.

Kunne vi ikke forsøke å gjøre plass til oss begge. Det er ikke så mye som skal til, og jeg må innrømme at de fleste gangene jeg møter deg så er du ganske grei. Det hender til og med at du stopper opp uten at det er din tur, og både nikker vennlig og smiler. Men vær så snill og ikke skrem meg slik. Du ser jeg har noen hjemme som også setter pris på å få meg hel tilbake.

**Hilsen en syklist**  
(Rogaland Avis, 26/7-1994)

## Omorganisering



Ja, så er vi i gang igjen da. Med det nye vegvesenet - en ny omorganisering. Når dette leses så er prosessen sansynligvis på det mest hektiske for å få brikkene til å falle på plass. Ofte går også ryktene i gangene og ute høyest under den mest hektiske fasen. Erfaringer fra tidligere prosesser har imidlertid vist seg å føre til «mye skrik og lite ull», det vil si at den nye organisasjonsoppbyggingen er blitt relativt lik den gamle. I så måte har jeg større forventninger til den pågående omorganiseringen.

Det som likevel forunderer meg mest er den måten vi gjør forandringer og omorganiseringer på i offentlig virksomhet. Det blir tatt en bestemmelse/beslutning om at nå skal vi foreta en omorganisering. Deretter blir alle baller kastet opp i luften for å se hvor de kommer ned igjen. Alle stillinger, alle ledd i organisasjonsplanen blir mer eller mindre fristilt og vurdert på ny. Det positive i dette er selvfølgelig at man får en gjennomgang og vurdering av alle ledd og stillinger. Det negative som det dessverre sjeldent blir satt søkelyset på, er at dette ofte blir en belastning for de ansatte i organisasjonen.

Mange føler sin stilling truet, de er redd for flytting, eller endog for å miste jobben. Endel tar det som et signal om at de ikke gjør en god nok jobb. I det hele skapes det usikkerhet og stress som igjen gir en svært negativ virkning rent arbeidsmiljømessig. Når dette så blir en prosess som varer omrent 1 år hvert 5. år, så er jeg ikke sikker på om de positive elementene oppveier de negative.

Etter min mening så burde vi vært en organisasjon som levde i konstant omorganisering/forandring/tilpasning. Det er jo slik livet ellers fungerer. I ekteskap, familie som forsåvidt er små «bedrifter»/samfunn, og i det private næringsliv, så tilpasser man seg hele tiden, og forandrer på de tingene som ikke fungerer.

I mye større grad burde vi i vår organisasjon tatt forandringen og tilpasningene etter hvert som vi så at det var behov for det. En forutsetning for å leve i en slik konstant forandlings- og tilpasningsfase er at vi har dyktige ledere som ser hvor skoen trykker og tør å gjøre noe med det.

Når vi nå likevel er i en slik «alle baller i luften»-prosess, så må vi selvfølgelig gjøre det beste og mest positive ut av denne prosessen. Målet må være å få en ny organisasjon som kan være mer effektiv og gi bedre service til det samfunnet vi er satt til å betjene.

Til slutt et lite visdomsord fra en kjent forfatter og embedsmann:

«Jeg lærte meg senere i livet at vi er tilbøyelige til å møte hver ny situasjon gjennom omorganisering, og jeg lærte også hvilken vidunderlig metode dette er til å skape en illusjon om fremgang, mens det i virkeligheten førårsaker kaos, ineffektivitet og demoralisering.»

Hans navn er Petronius, og han døde år 66. e. Kr!

**Ola Undheim**

Fylkestillsvalgt SBF



Statens vegvesen  
Rogaland



RETURADRESSE:  
POSTBOKS 197  
4001 STAVANGER



Med blomar og klem takkar Eldbjørg Moen ordføraren i Forsand,  
Fridtjof Thorsen Norland for vegen til Songesand. Det gjorde ho  
på vegne av folket i den vesle bygda ved Lysefjorden, som nå har fått  
vegsamband til Årdal i Hjelmeland. (Side 8.)

## Lysefjorden

Fjorden frå båtdekket ein sommardag. Det er eit idyllisk syn, med hus og små jordflekkar, grøne lier mellom grått hengande berg.

Mannen her og kvinna der – det var eit slit på livet frå barndom og så lenge levetida rakk.

Dette er ting ein turist ikkje ser. Berre dei som bur der veit om det, berre dei veit kva landet og fjorden krev.

Men landet lever ennå langs strendene, Eiane, Fossmork, Songesand med dalen innover til Helmikstøl, Kåsen, Kallali og Häheller.

### Gutterm Mikkelsen

Frå:  
«Ryfylke, folk og naturen»,  
Dreyer Bok, 1978

-----  
  
RYGJAVEGEN